



---

## Notat

---

Til  
Kopi til:

Saksbehandler: Personalleiar/leiar fellestenester/Dagrun Gunnarson  
Vår referanse: 22/113 - 22/1320 / FE-027, FA-U63  
Dato: 15.03.2022

---

### **Emne: Telefonsamtale med søkjar 15.03.22**

Eg ringte Arild Mjelstad 15.03.22 kl 15, for å få stadfesta kva dei søkjer om. Eg snakka med både han og Siri F.Pettersen, som har hjelpt Mjelstad med søknaden.

- 1) Mjelstad stadfesta at dei søkjer om utviding av området for eksisterande løyve på Landsbykafeen AS til også å gjelde i Muren 4. Dei søkjer også om at stadfortreder for løyve vert flytta frå Roald Mjelstad til Sue Janne Alsaker. Dei sa at dei rekna med at dei fekk dette, sidan det var mindre enn 50 meter mellom lokala. Dei viste til praksis i Flåm kommune. Eg sa at dette var eit unntak frå alkohollova, der kvart løyve skal vere på ein bestemt plass. Eg viste til praksis i Bergen kommune, der nye adresse = nytt løyve. Det burde vere mogleg å oppretthalde kontrollbehovet (formålet med alkohollova), men problemet er kvar kommunestyret meiner grensa skal gå for nytt løyve – vil måtte avgrensast prinsipielt. Dei sa at dei kom til å sende inn søknad om heilt nytt løyve på Fab nr 8 før denne saka kom til behandling i kommunestyret, slik at kommunestyret ville kunne sjå at det ikkje var snakk om å søkje utviding av løyve i den saka.
- 2) Eg bad om skatteattest på Arild Mjelstad, ikkje Landsbykafeen (som me har fått tidlegare). Eg bad også om skriftleg stadfesting frå eigar av Pernillekafeen/Muren 4 om at Landsbykafeen kunne disponere lokala. Eg skulle få desse dokumenta allereie i morgon (det hastar i forhold til saksbehandlinga).